

Sakshandsamar: Gunn Ragnhild Rimala, sakshandsamar  
Sak nr.: 2023/6128 - 14

**Saksgang**

---

Saksnummer	Møtedato	Utval
------------	----------	-------

Utval for levekår

**Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024 - 2028**

**Kommunedirektøren rår utval for levekår til å gjere slikt vedtak:**

1. Rusmiddelpolitisk handlingsplan vert lagt ut på høyring.

**Vedlegg:**

- 1 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024 - 2028 høyringsutkast
- 2 Saksprotokoll ULK 13.03.24 - Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024 - 2028

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. Bakgrunn for saka**

Kommunen har etter alkohollova § 1-7d ei plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Lova gir ingen direkte føringar om kva planen skal innehalde, men den bør innehalde dei alkoholpolitiske hovudmåla og verkemiddel som kommunen vil ta i bruk for å nå desse måla. Planen bør konkretisere kva for tiltak kommunen vil satse på for å nå den landsomfattande målsettinga om å redusere alkoholforbruket. Helsedirektoratet tilrår at kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan vert utarbeida som del av ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan der dei alkoholpolitiske retningslinene inngår.

Med bakgrunn i fireårsregelen i alkohollova, bør planen handsamast i kvar kommunestyreperiode. Fireårsregelen i alkohollova § 1-6 om løyveperioden har samanheng med prinsippet om det kommunale sjølvstyret i alkoholsaker. Føresegna har lang tradisjon og er ei vidareføring frå alkohollova av 1927. Tanken bak føresegna er at eit nytt kommunestyre skal ha rett og plikt til å utforme alkoholpolitikken for kommunen, og ikkje skal vere bunde av den alkoholpolitikken det tidlegare kommunestyret førte. For at det nye kommunestyret skal få tilstrekkeleg

tid til å gjere ei heilskapleg gjennomgang av alkoholpolitikken før alkoholløyva må fornyast, er det fastsett at løyva skal opphøyre seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Alkoholova oppstiller visse vilkår og krav som må vere oppfylt for at alkoholløyve skal kunne giast. Men når desse vilkåra er oppfylt, er det opp til kommunen, på fritt skjønn, å bestemme om løyve skal giast. For at alkoholpolitikken likevel skal vere noko føreseieleg for både innbyggjarane, næringa og sakshandsamar, bør kommunen utarbeide alkoholpolitiske retningsliner til bruk i løyvesaker.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Sogndal kommune var for perioden 2021-2024 samanfatta av ruspolitisk handlingsplan frå dei tre planane frå dei tidlegare kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal, med oppdatert status frå aktuelle tenesteområde, brukargrupper, nasjonale føringar samt tal frå sal- og skjenkestader, statistikk og undersøkingar.

For arbeidet med revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2024-2028 har Sogndal kommune sett ned ei arbeidsgruppe der deltakarane er plukka ut på tvers av dei kommunale sektorane saman med ein representant frå næringa. Utval for levekår har fått orienteringar om prosessen undervegs.

Kommunedirektøren oppmodar utval for levekår om å komme fram til eventuelle endringar i planen i møte, slik at det er ein mest mogleg ferdig handsama plan som vert lagt ut på høyring.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Målet med rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein heilskapleg politikk ved å sjå løyveordningar og anna førebygging og folkehelsearbeid i samanheng med arbeidet på rehabiliteringsområdet. Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal vere eit fleirsektorielt verktøy som ivareteke ein slik heilskap.

Eit av punkta i mandatet for planen som var vedteke av utval for levekår var nettopp ei heilskapleg tilnærming til rusproblematikken i kommunen, og ta tak i eit breitt spekter av rusmiddel, både alkohol, medisinske og narkotiske stoff. Hovudutfordringane når det gjeld rusproblematikk er framleis bruk av alkohol, og det saman med at alkoholpolitisk plan er del av planen, gjere at alkoholbruk er mest omtala i planen.

Gjennom arbeidet med planen er det tydeleg at hovudsatsing for Sogndal kommune skal vere førebyggjande arbeid for barn og unge, og dette er og i tråd med mandatet. Arbeidet med planen har vist at det er stor vilje og interesse for vidare samarbeid og samskaping på tvers av sektorane i kommunen, men og samarbeid utanfor organsiasjonen. Det i seg sjølv viser at planen kan fungere som det verktøyet ein hadde som mål med planen.

**Bakgrunn for nokre av dei alkoholpolitiske retningslinene**

I utgangspunktet er løyvemynde for alkoholløyve lagt til kommunestyret. Løyvemynde kan delegerast til kommunedirektøren, i samsvar med delegeringsreglane i kommunelova og dette er gjort i Sogndal kommune.

### **Innhenting av uttale i løyvesaker**

Alkoholova inneheld fåe særlege sakshandsamingsreglar i løyvesaker utover ei plikt til å innhente uttale frå politi og sosialteneste. Alkoholova seier at kommunen også kan innhente uttale frå skatte- og avgiftsmyndigheitene. Desse vil kunne uttale seg om forhold til skatte-, avgifts- og rekneskapslovgiving som politiet ikkje har opplysningar om. I motsetnad til uttale frå politiet og sosialtenesta, er det ikkje obligatorisk å innhente uttale frå desse organa. Men kommunen pliktar å gjere ei fullstendig vandelsvurdering, og det vil såleis likevel vere nødvendig med uttale frå skatte- og avgiftsstyresmaktene for å kunne ta stilling til om vandelskravet i § 1-7b er oppfylt. Dei fleste kommunar har difor dette i sine retningslinjer.

### **Gebyr**

Gebyrsatsar er fastsett i alkoholforskrifta. I utgangspunktet skal satsen for eit enkelt høve vere minstesatsen som per 01.03.24 er på kr 1960 for sal og kr 6100 for skjenking. I samsvar med forskrifta så kan kommunen likevel i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal setjast lågare. Grunngeving for lågare satsar er at det ved ordinær sats vil verte så stor kostnad for arrangør at det kan verte lite lønsamt med arrangement, og Sogndal kommune ynskjer å leggje til rette for moglegheiter for både næringa og andre til å bida positivt med arrangement. Dei fleste kommunar har difor utarbeida ein tabell for gebyrsatsar for sakshandsaming ved søknad om løyve til eit enkelt høve der satsane er stigande ut frå talet deltakarar. Satsane står i høve til deltakarar og forventta inntekt på arrangementet, samt at det er meir omfattande sakshandsaming for større arrangement. Sogndal kommune har sjekka kva satsar kommunane i nettverket «Ansvarleg alkoholhandtering» nyttar, og tilrår at Sogndal kommune nyttar same satsane som nabokommunen Sunnfjord.

### **Ambulerande skjenkeløyve**

Ambulerande løyve er tenkt brukt ved bryllaup, jubileum og liknande arrangement. Slike løyver vert vanlegvis gitt til selskapslokale. Med «slutta selskap» i alkoholova sin forstand, meinast at det allereie, og før skjenkinga begynner, er danna ein slutta krets av personar, som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale, f.eks. til bryllaup, konfirmasjon, jubileum osv. Deltakarane må ha ein eller anna tilknytning til den eller dei som inviterer til selskapet, og gjestene skal ha personleg invitasjon. Kretsen av personar må ikkje vere open for andre. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein før skjenkinga begynner skriv seg på ei liste eller kjøper billetter. Det har ingen betydning om talet gjester er avgrensa, eller at arrangementet i ein invitasjon eller i ei annonse er omtala som «slutta selskap». Dersom ambulerande løyve vert oppretta i kommunen, må kommunestyret fastsetje eit bestemt tal ambulerande løyver.

Erfaring frå Sogndal kommune viser at blant folke flest er det ofte ei samanblanding av ambulerande løyve og løyve til eit enkelt høve. Ambulerande skjenkeløyve skal i utgangspunktet medføre forenkla sakshandsaming, men det er likevel for sakshandsamar eit særleg arbeid i forhold til å vurdere om søkjar kan giast ambulerande løyve, jf. kriterier, eller det likevel er løyve for eit enkelt høve.

Erfaring har vist at dei aller fleste (alle) som søker om ambulerande løyve, ikkje stettar krava for denne typen løyve, men at søknaden då må handsamast som løyve for ein enkelt anledning. Dette medfører ekstra tidsbruk og usikkerheit for søkerar. Alle som i utgangspunktet kan søkje om ambulerande løyve, kan likevel få løyve til eit enkelt høve. Det vil altså ikkje utelukke nokon frå å få løyve for ambulerande løyve er det i utgangspunktet ikkje krav om styrar og stadfortredar, men Sogndal kommune har i sine retningsliner stilt krav om dette. Det er sjølvstøtt ei tryggare utøving av ei løyve når dei ansvarlege har gjennomført kunnskapsprøva. Fleire av kommunen i nettverket har ikkje ambulerande løyve, og kommunedirektøren tilrår at det ikkje vert oppretta slikt løyve i Sogndal kommune.

### **Avslag – stader som ikkje kan få løyve**

Det vert ikkje gitt sals-/ skjenkeløyve til ein sjølvbetjeningsstad, som til dømes ubetjente butikkar. Dette i samsvar med orientering frå helsedirektoratet som seier at slike stader ikkje har tilfredsstillande kontroll med at det ikkje kjem inn openbart påverka personar eller mindreårige gjester, eller at mindreårige ikkje får servert alkohol. Omsynet til kontroll medfører at det ikkje kan giast løyve der lokala for sals- eller skjenkestaden er tenkt å vere i privathus som er i ordinært privat dagleg bruk.

### **Vilkår for løyve**

I følge alkoholova § 4-3 og § 3-2 kan kommunen setja vilkår for løyva. Åtgangen til å stille vilkår i sals- og skjenkesaker er eit alkoholpolitisk instrument som gir kommunen moglegheit til å få næringa i ønska retning. Føresetnaden for eit lovleg vilkår er at det er grunnleggjande i alkoholpolitiske omsyn.

Sogndal kommune følgjer opp Helsedirektoratet si tilråding, og set som fast vilkår for skjenkeløyva at alle som jobbar i ein skjenkestad skal ha gjennomført opplæring i skjenkestaden sine rutinar, og gjennomført kurset «Ansvarlig vertsskap». Kurset kan gjennomførast som e-læring eller i regi av Sogndal kommune. Dette vil bidra til eit meir forsvarleg og tryggare uteliv.

Alkoholova stiller absolutte særlege vilkår og krav for utvida sal og skjenking til tilverking for sal/ skjenking i eiga verksemd, såkalla gardssal og bryggeri, og kommunen kan ikkje gi slik løyve dersom desse vilkåra ikkje er ivareteke. Hovudkravet er at lokala for tilverking, sal og skjenking skal vere i nær tilknytning og skal skje som ledd i verksemda sin heilskaplege karakter og tilbod. Det går fram av alkoholpolitiske retningsliner presisering kva kommunen legg vekt på som heilskapleg karakter og tilbod.

### **Sals- og skjenketider**

Skjenketider har særleg vore til drøfting i førre periode. Tilbakemeldinga frå næringa er at dei er nøgde med skjenketidene, og at kommunen må halde på dei skjenketidene slik som dei er gjeldande. Butikknæringa gir tilbakemelding på at salstider er slik som vanleg praksis over heile landet, og dei er nøgde med tidene.

## **3. Konklusjon**

Målet med rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein heilskapleg politikk innanfor området ved å sjå løyveordningar og anna førebygging og folkehelsearbeid i

samanheng med arbeidet på rehabiliteringsområdet. Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal vere eit fleirsektorielt verktøy som ivareteke ein slik heilskap. Arbeidsgruppa opplever at ein gjennom arbeidet har greidd å skape eit slikt verktøy, og at det er stor vilje og interesse for vidare samarbeid både på tvers av kommunale sektorar men og med andre samarbeidspartar utanfor organisasjonen. Konklusjonen etter møta med samarbeidspartar i og utanfor kommunen var: «Haldningsskapande arbeid over tid i alle ledd – stå saman på tvers!»

Dei alkoholpolitiske retningslinene er revidert og vidareutvikla med bakgrunn i erfaringar frå arbeidet med løyvesaker og tilbakemeldingar frå næringa.

Kommunedirektøren oppmoda utval for levekår å komme med eventuelle endringar i planen i møte. Det bør vere ein så ferdig utarbeida plan som mogleg som vert lagt ut på høyring.